**Statens vegvesen**

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Unn Jenny Utne Kvam - 55516243 | 2015/081084-003 | | 30.09.2015 |

# Vedrørande avkøyrslesøknad - gnr. 123 bnr. 9 - Risasjøen - Lindås kommune

Statens vegvesen har motteke ein førespurnad om kva vegstyresmakt som skal handsame ein avkøyrslesøknad i samband med søknad om frådeling av tomt til fritidsbustad.

Søknaden gjeld avkøyrsle frå eit utflytande kryssområde der fylkesveg 416 Risasjøvegen møter kommunal veg Risøyvegen. Det er uklart kvar i krysset fylkesvegen vert avslutta og den kommunale vegen byrjar. Slik krysset ligg i dag, er det vanskeleg å sjå at den private vegen har tilknyting til den kommunale. Både denne vegen (gnr. 123 bnr. 9) og eigedomen gnr. 123 bnr. 64 vurderer vi at per i dag har avkøyrsle direkte frå fylkesvegen.

Med bakgrunn i ei trafikkfagleg vurdering, ynskjer ikkje Statens vegvesen utvida bruk av avkøyrslene/kryssområdet slik det ligg i dag. Av omsyn til trafikktryggleiken bør kryssområdet strammast opp og tilretteleggast for eit meir trafikksikkert køyremønster. Det er særleg avkøyrsleløysinga til gnr. 123 bnr. 64 vi vurderer som trafikkfarleg.

Vi har utarbeida ei skisse til korleis kryssområdet kan strammast opp og gjerast meir trafikksikkert (sjå vedlegg). Framlegget inneber at det vert tydlegare kvar fylkesvegen går over i kommunal veg, og at avkøyrsler vert knytte opp til den kommunale vegen. Skissa viser sporing for buss gjennom krysset.

Statens vegvesen rår til at krysset vert stramma opp som vist i vår skisse, og at avkøyrslesøknaden på vilkår av ei slik oppstramming vert handsama som søknad om utvida bruk av avkøyrsle frå kommunal veg.

Vi gjer merksam på at før kommunen kan gje igangsetjingsløyve til tiltak i kryssområdet der fylkesvegen inngår, må ein byggeplan for tiltaket vere godkjent av Statens vegvesen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam

2 vedlegg

Kopi: Randi MacPherson (ranma@statoil.com)




Teiknforklaring:

Avgrensing av krysset for fv/kv/pv., r=6m.

Privat avkøyrsel, r=4m.

Frisikt i kryss, 6x54m

Fylkesveg

Kommunal veg

Privat/felles veg

M.stokk: 1:500 i A4

Vedlegg kryss saksnr.**2015081084** gnr. 123 bnr. 9, Risasjøen i Lindås kommune




Teiknforklaring:

Avgrensing av krysset for fv/kv/pv., r=6m.

Privat avkøyrsel, r=4m.

Frisikt i kryss, 6x54m

Fylkesveg

Kommunal veg

Privat/felles veg

Vedlegg sporing saksnr.**2015081084** gnr. 123 bnr. 9, Risasjøen i Lindås kommune